



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BACH301-OST-2023-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	25-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Stord		
Flowkode:	203 BACH301 1 OST 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	288
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	12076
---------------	-------

Egenerklæring *:
Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
uitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	4
Andre medlemmer i gruppen:	437

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei

BACHELOROPPGÅVE

Naturopplevelingar i ein friluftsbarnehage sett frå barns perspektiv

Nature experiences in a nature kindergarten from children's perspective

Malin Hovland & Tove Vold Kvamme

Bacheloroppgåve i barnehagelærerutdanninga

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Yuko Kamisaka

Innleveringsdato: 25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

«Det er viktig at barn hører de voksne, men det er også viktig at de voksne hører på barna, for det er barna som liksom kan fortelle om barnehagen. De voksne kan jo ikke vite hvordan det er der...» -

- Sitat frå 5 år gammel informant, hentet fra Eide & Winger (2003, s. 33)

Forord

Vi vil gjerne takke alle som har vært med å bidratt til vår bacheloroppgåve. Dette har vært ein tidskrevjande, men likevel ein spanande og lærerik prosess. Denne prosessen har gitt oss ny kunnskap og nye perspektiv som vi kjem til å ta med oss ut i arbeidslivet.

Vi vil byrje med å takke vår rettleier Yuko Kamisaka for gode råd, konstruktiv kritikk, samt tilgjengelegheit under vår skriveprosess. Vi har fått gode rettleingar med reflekterande spørsmål som har hjulpet oss vidare i arbeidet.

Vi ynskjer også og takke informantane for at dei ville dele deira eigne tankar og meningar slik at vi fekk mogelegheita til å utføre denne oppgåva med deira eigne perspektiv. Vi vil også takka informantbarnehagane som ville ta oss i mot! Takk for at vi blei så godt tatt i mot, av både store og små.

Familie og venar har vært til god hjelp i denne perioden. Takk for at vi har fått delt våre tankar og engasjement med dykk. Vi sett pris på deira gode råd, støtte og oppmuntring. Vil også takka dei som har stilt opp som barnevakt, og til barna som har vært forståelsesfulle i denne tidkrevjande prosessen.

Sist, men ikkje minst vil vi takka kvarandre. Vi har hatt eit godt samarbeid, og det har vært godt å ha nokon og reflektere saman med, spesielt når dette er eit tema vi begge to brenn for. Til tross for mykje arbeid, har det vært sosialt, og vi sit igjen med at dette har vært ein fin prosess vi har hatt saman.

25.05.2023

Malin Houland & Tove Vold Kvamme

Samandrag

Vi har gjennomført ein grundig forskingsprosess med fokus på barn si naturoppleving i friluftsbarnehagar. Ved å bruke kvalitativ metode som intervju og deltagande observasjon, har vi samla data som gir innsikt i barn sine perspektiv og erfaringar. Målet med prosjektet var å svara på problemstillinga: "Korleis uttrykkjer barn sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage?".

Gjennom analysen av datamaterialet har vi identifisert tre hovudtema basert på barn si kompetanse, kunnskap og erfaringar. Desse funna viser at barna ikkje ser avgrensingar, men heller løysingar når dei er ute i naturen. Dei uttrykkjer ein genuin interesse for naturen, har god kunnskap om ulike artar og er opptatt av å ta vare på miljøet. Vidare viser funna at barna opplever ro og tar seg tid til å utforska og oppleva naturen gjennom sansane. Vi har også observert at barna har mykje kunnskap og empati knytt til naturen, noko som kan tilskrivast dei mange naturopplevingane dei får. Dette støttar opp om vår antaking om at barna trivst utandørs i friluftsbarnehagar. Vidare har vi sett at barna har god motorikk og forstår viktigheita av å ta vare på naturen. Gjennom denne forskingsstudien har vi tileigna oss meir kunnskap og fått ei djupare forståing av viktigheita av direkte sanseopplevingar i naturen. Vi har observert at barna får mykje kunnskap, glede og tryggleik ved å opphalde store delar av dagen utandørs, noko vi meiner er viktig for deira utvikling.

Abstract

We have conducted a thorough research process focusing on children's nature experiences in outdoor kindergartens. By using qualitative methods such as interviews and participant observation, we have collected data that provide insight into children's perspectives and experiences. The aim of the project was to answer the research question: "How do children express their nature experiences in an outdoor kindergarten?".

Through the analysis of the data, we have identified three main findings based on children's competence, knowledge, and experiences. These findings show that children do not see limitations but rather solutions when they are out in nature. They express a genuine interest in nature, have good knowledge about different species, and are concerned about taking care of the environment. Furthermore, the findings demonstrate that children experience tranquility and take the time to explore and experience nature through their senses. We have also observed that children have a wealth of knowledge and empathy related to nature, which can be attributed to the numerous nature experiences they have. This supports our assumption that children enjoy being outdoors in outdoor kindergartens. Additionally, we have observed that children have good motor skills and understand the importance of taking care of nature. Through this research study, we have gained more knowledge and a deeper understanding of the importance of direct sensory experiences in nature. We have observed that children acquire a great deal of knowledge, joy, and a sense of security by spending a significant part of their day outdoors, which we believe is important for their development.

Innholdsfortegnelse

Forord.....	3
Samandrag.....	4
Abstract.....	5
1. Innleiing	8
1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling.....	8
1.2 Omgrepssavklaring	9
1.2.1 Naturopplevingar.....	9
1.2.2 Friluftsbarnehage	10
1.3 Tidlegare forsking på området	10
1.4 Oppgåva si oppbygging.....	11
2. Kunnskapsgrunnlag.....	12
2.1 Styringsdokument.....	12
2.2 Naturens rolle	12
2.3 Barns forhold til natur	14
2.4 Berekraftig utvikling	15
2.4.1 Barnehagens rolle knytt til berekraftig utvikling.....	15
2.4.2 Sansing, grunnlag for læring	15
2.4.3 Artslære	16
2.5 Vaksenrolla.....	16
2.5.1 Kompetente vaksne.....	16
2.5.2 Rollemodellar	17
3. Metode	19
3.1 Val av metode.....	19
3.1.1 Fenomenologisk tilnærming	19
3.1.2 Barne intervju	19

3.1.3 Deltakande observasjon	20
3.2 Vår forskingsprosess	20
3.2.1 Utval av informantar.....	20
3.2.2 Utforming av intervjuguide	21
3.2.3 Gjennomføring av deltagende observasjon	21
3.2.4 Gjennomføring av barneintervju	22
3.2.5 Vår analyseprosess	23
3.3 Etisk perspektiv	23
3.4 Metodekritikk	23
4. Funn og drøfting	25
4.1 Barn ser ikke utfordringar, men løysningar	25
4.2 Naturkunnskapsrike barn med miljømedvit	29
4.3 Barn finn tryggleik og ro i naturen	33
5. Avslutning.....	36
6. Litteraturliste.....	38
7. Vedlegg	41
Vedlegg 1 – Intervjuguide	41
Vedlegg 2 – Samtykkeskjema	42

1. Innleiing

I denne bacheloroppgåva skal vi ta for oss korleis barn uttrykkjer sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage. Gjennom vårt 3-årige studie på barnehagelærarutdanninga har vi opplevd at det er ein stor forskjell på ordinær barnehage og friluftsbarnehagar. Gjennom utviklingsarbeid i studiet, utvikla vi ei stor interesse for kva naturopplevingar har av betydning for barns utvikling, og vi er nyfikne på kva barn sjølv tenkjer om temaet. I barnehagelova står det at barn skal få mogelegheita til å utfolde skaparglede, undring og utforskarkrond. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheitar, samt lære å ta vare på både seg sjølv, kvarandre og naturen (Barnehageloven, 2005, §1).

1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Ut i frå eigne erfaringar har vi sett at det er ulik praksis når det kjem til tilbyding av naturopplevingar i barnehagar. Som det står nedfelt i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52) skal barnehagen leggja til rette for mangfaldige naturopplevingar, slik at barna skal kunne oppleva naturen som ein arena for leik og læring. Det kan difor vera spanande å sjå korleis naturopplevingar blir oppfatta frå barns perspektiv, og korleis det er å ha kvardagen sin i ein friluftsbarnehage.

På forsida vår har vi lagt ved eit sitat frå eit intervju henta frå Eide og Winger (2003, s. 33). Dette sitatet som er frå eit fem år gammalt barn gjev ei god beskriving av vårt grunnlag for val av problemstilling. Barn kan bidra med nyttige synspunkt, og deira beskriving og vurdering av eiga verkelegheit er eit viktig bidrag i forhold til vurdering av kvaliteten hos den pedagogiske institusjonen (Eide & Winger, 2003, s. 17). Eit intervju vil generelt gi ei innsikt i subjektive forhold og perspektiv som intervjugersonane har. I arbeid med barn er det ekstra viktig å arbeide på denne måten, av den grunn at vi lett kan anlegga eit vaksenperspektiv på barnas behov og situasjonar. Gjennom å utføra barneintervju kan ein korrigere våre antakelsar som vaksne, og få eit innblikk i kva som rører seg inni barna (Bae, 1985, s.73). Gjennom denne bacheloroppgåva håpar vi at vi får eit betre perspektiv på kva barn ser på som gode naturopplevingar, og kva som er verdifullt for dei og deira barndom.

Vi som lev i dag opplev at klimaendringane og miljøutfordringane påverkar vår kvardag negativt. Vi opplev ekstremvêr, skogbrannar og liknande nærmast dagleg i verda, og ein kan også sjå at verdas bestandar av artar har blitt redusert med om lag 60% de siste 50 åra (Bergan & Bjørndal, 2019, s.21). Det er difor viktigare enn nokon gong at barn som framtidas borgarar får eit godt forhold til naturen. For å kunne leggje eit grunnlag for barns respekt og forhold til naturen og miljøet, forutsetja det at barna får mogelegheita til å aktivt delta og kome i sanseleg kontakt med dyr og andre artar i naturen. Barn bør ikkje bare bli kjend med naturen gjennom media, bøker og internett. Rammeplanen skriv at opplevingar og erfaringar i naturen kan fremja forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, samt bidra til at barna får tilhørsle til naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52). Til tross for at naturen stadig har mykje å by på, kan barn som nyttar naturen stadig møte på spanande lydar, merkelege lukter og overraskande ting. Naturen er stadig i endring, og ein friluftsbarnehage utviklar seg annleis og tar andre formar ute i naturmiljøet enn kva ein gjer på ein tilrettelagt leikeplass i ein ordinær barnehage (Vedum et al., 2005, s. 19). Av den grunn har vi valt å skrive bacheloroppgåve med fokus på korleis barn uttrykkar deira naturopplevingar i ein friluftsbarnehage. Problemstillinga vår er:

«*Korleis uttrykkjer barn sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage?*»

1.2 Omgrepsavklaring

Vi vil i dette underkapittel definera omgrep som er relevant for vår oppgåve. Av den grunn at vi ynskjer å gi litt bakgrunnsforståing for drøfting av problemstillinga gjennom oppgåva. Omgrepa vi har valt å ha fokus på er: *naturopplevingar* og *friluftsbarnehage*.

1.2.1 Naturopplevingar

Når det er snakk om omgrepet *naturopplevingar* kan det bli forbundet til opplevinga den enkelte har med naturen i seg sjølv, det sosiale fellesskapet det kan gi, samt opplevinga ein har med seg sjølv. Det å vera ute på tur i skog og mark kan gi barna mogelegheit for kunnskap og erfaring, og i følgje Madsen (1988, s. 74) er det dei erfaringane barna kan få med naturen, som ligg til grunn for utvikling av naturopplevingar. Barn erostrar ofte naturen med heile seg, og opplevingane de får kan beskrivast som «*heile-kroppen*» opplevingar, sett

opp mot de vaksne sin meir abstrakte tankegang (Bagøien, 2003a, s. 86). I denne oppgåva ynskjer vi å finne ut korleis barna sjølv uttrykkjer sine naturopplevingar.

1.2.2 Friluftsbarnehage

Ein friluftsbarnehage har naturen som arena for leik, oppleving og læring. I ein friluftsbarnehage får barna moglegheit til å bli kjent og glad i naturen, gjennom å ha sin barnehagekvardag i den (Vedum et al, 2005, s.22). Blant dei som kallar seg friluftsbarnehage eller naturbarnehage er det store variasjonar på korleis desse blir drifta. Ein har både barnehagar som har som fokusområde at ein avdeling er ute på tur nokre gonger i veka, men på andre sida har vi også barnehagar som ikkje har bygg som base, men ein lavvo eller liknande, og brukar mykje tid ute. Fellesnemnaren er at desse barnehagane legg stor vekt på naturen inn i barnehagekvardagen deira (Lysklett, 2013, s.56-57).

1.3 Tidlegare forsking på området

Etter å ha gjennomført ulike søk i databasar fant vi mykje forsking knytt til korleis og kvifor ein skal jobbe med natur, men vi har funnet lite om korleis barna sjølv uttrykkjer sine naturopplevingar.

Bagøien (2003b, s.134-135) skriv om at barn som frå tidleg alder får vera med foreldra på tur, har større sannsyn for å læra friluftslivkulturen å kjenna. Han skriv også at dersom ein får gode naturopplevingar som barn, er det større mogelegheiter for at ein får eit ynskje om det i vaksen alder. Denne forskinga strekk seg 20 år tilbake i tid, og mykje har forandra seg. I dagens samfunn går dei fleste barn i barnehage, og teknologien har hatt ei stor utvikling i frå 2003. Det kan tenkjast at dette har noko å seie for barns leik i naturen. Vi tenkjar av den grunn at barnehagen har ei større rolla enn tidlegare for å innføra desse gode naturopplevingane, då det er her dei oppheld seg store deler av oppveksten sin.

Halvorsen (1995, s. 50-60) skriv at mykje tyda på at naturopplevingar hjå barn var ein mangelvare i dåverande dagar, og at det burde skje ein aktiv satsing frå dei vaksne side for at alle barn skulle få dette. Vidare stilte ho spørsmål til kva «næringsstilgang» dåverande barn

trong for at dei i framtida skulle evne å velja rett både i forhold til sine medmenneske, samt vår grøne klode. For å få svar på dette intervjuet ho barn, og oppsøkte barn som ferdast i ulike miljø. Denne artikkelen strekkjar seg 28 år tilbake i tid, og gav eit innblikk i kva barna uttrykte då, men det finnes dverre lite forsking på dette i nyare tid. På bakgrunn av dette ynskjer vi å gjera greie for viktigheita av naturen, ikkje bare ut i frå dei vaksne sit perspektiv, men også barnas.

1.4 Oppgåva si oppbygging

Denne bacheloroppgåva er delt inn i 5 ulike kapittel. Kvart kapittel har fleire underskrifter. I dette første kapittelet har vi forklart bakgrunn for val av tema og kva som gjer oppgåva relevant, samt tidlegare forsking på området. I det andre kapittelet tek vi opp teoretiske perspektiv som er grunnlaget for drøftinga av det empiriske materialet. Her ser vi på kva styringsdokumenta og teorien seier knytt opp mot vår empiri. I det tredje kapittelet gjer vi greie for val av metode, fenomenologisk tilnærming, som er essensielt i denne oppgåva. Vi tar også for oss kva tankar vi har gjort oss i utval av informantar og gjennomføring av dette, samt korleis vi har gått fram for å kvalitetssikra oppgåva. Vi har valt å presentere funn og drøfting av det empiriske materialet i det fjerde kapittelet og i det femte kapittel trekk vi fram konklusjonar som belyser problemstillinga vår.

2. Kunnskapsgrunnlag

I dette kapittelet vil vi gje greie for det teoretiske perspektivet som dannar grunnlaget for oppgåvas tema. Hovudtema vi kjem til å presentera er: naturen som leik- og læringsarena, barns forhold til natur, berekraftig utvikling og vaksenrolla sett opp mot dette.

2.1 Styringsdokument

Rammeplanen tydeleggjer viktigheita av å gje barn opplevingar og erfaring i naturen, og det blir vesentleg å ta for seg dette knytt til vår problemstilling. Barnehagen skal nemleg sørge for at barn får naturopplevingar og blir kjent med naturens mangfald, samt bidra til at barna følar tilhørsle til naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremja barns forståing for naturens eigenart, bidra til berekraftig utvikling og bevaring av det biologiske mangfaldet, samt fremja barns vilje til å vare på naturressursane (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52). Barnehagen har av den grunn ei viktig oppgåve i å læra barna å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10), samt fremja barnas trivsel og allsidig utvikling ved å leggje til rette for heilhetleg læringsprosessar (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 22).

2.2 Naturens rolle

For å besvara vår problemstilling er det relevant å sjå på naturen som leik- og læringsarena og kva betydning det kan ha for barn. Naturen byr på varierte naturmiljø, og det er viktig at barn får ferdast i gode og varierte miljø som appellera til barna og deira leik i naturen. Det å ferdast i natur gjev barn mogelegheit til å oppleve, lære og erfare verda med kroppen, og kan bidra til å sikre allsidig og heilhetig utvikling (Lundhaug & Neergaard, 2013, s. 74 & 81).

Gjennom at barn kan få direkte erfaringar med, og opplevingar i naturen, samt kunnskap om naturen som eit levande system, kan dette læra barna å ta vare på naturen, samt lære barna om naturens eigenverdi (Bae, 2018, s. 182). Dersom barn skal kunne utvikle ein respekt og medvitent knytt til naturmiljøet, krev det at barna får direkte sanseleg kontakt med dyr og andre artar i naturen, og ikkje blir primært fortalt om naturfenomena gjennom media, bøker og internett (Bae, 2018, s. 197). Læring dreiar seg om konkret kunnskap og ferdigheiter og kan sjølvsagt læra gjennom bøker, men læring bør heller retta seg mot at barna skal kunne byggje seg opp ein «bank» av erfaringar, som dei kan nytte i nye eller liknande situasjonar.

Sett opp mot barns danningsprosess er det viktig å legge vekt på leik og læring i naturen som kan styrkja barnas kjensler, gjennom ulike opplevingar, samt utvikling av kunnskap og ferdighetar knytt opp mot natur og friluftsliv. Lundhaug & Neerdaard (2013, s. 74, 82) hevdar nemleg at kjerna i friluftsliv og uteliv dreiar seg om å ta lærdom av eigne erfaringar og nytte denne lærdommen til å få ein større forståing og meir kunnskap.

Moser og Martinsen utførte ei undersøking kvar dei såg på utemiljøet i norske barnehagar som pedagogisk rom for småbarns leik, læring og utvikling. Undersøkinga vart utført i 133 ulike barnehagar, og resultata deira knytt til kor mykje tid barna nyttar ute, viser til at barna leika ute om lag 70% av tida i løpet av sommaren, og omlag 31% om vinteren (Moser & Martinsen, 2010, s. 6). Kva type område barn omgåast i, kan ha mykje å sei for barns leik og utvikling. Ein svensk undersøking (Martensson et al., 2009) viser nemleg til at barn som hadde gode leikemogelegheitar i eit miljø som var naturprega, uttrykte ein tydeleg betre motorikk og konsentrasjonsevne, samanlikna med barn som leika i eit velfrisert miljø. Det å nytte naturmateriale slik som pinnar, buskar og stein som ikkje har noko definert og bestemt formål, gjev barna friheita til å velja korleis dei ynskjer å ta i bruk naturen. I tillegg kan dette gi fleire mogelegheiter for leik, kontra standardiserte leikeapparat som gjer leiken lik for alle.

Ei undersøking Madsen (1988, s. 86-87) gjorde, viser til at barns fokus ofte er retta mot det konkrete, nemleg kva de har føre seg i hendene. Barn som ofte omgåast i naturmiljø kan generelt bli meir interessert i edderkoppane sin måte å fange bytte sit, korleis trærna veks og viktigheita av å plukke søppel. Dette dreiar seg om det omgrepet Orr (1992, referert i Bae, 2018, s. 184) kallar for *økologisk leseferdigheiter*, som handlar om å vera klar over den gjensidige avhengigheita som eksistere mellom ulike artar, samt mellom oss menneske og naturmiljøet. Får barn mogelegheit til å bli kjent med eit naturområde og det som lever der, kan det fremja deira tilhøyrsla til naturen, samt fremja ei positiv haldning til det (Bae, 2018, s. 185). For slik Hilmo (2012, s. 126) skriv, kan barn kjenna på ei samhøyrigheit med naturen når dei kjennar igjen kjøttmeisas fine song i februar, og veit når dei fyrste blåbæra er modne – ein kan kjenne på kjensla av å høyre til akkurat der. Når barn omgåast i ulike naturmiljø blir det også viktig å læra barn viktigheita av å ikkje etterlate seg noko spor. For slik filosofen Peter Wessel Zapffe meina, er menneska velkomne i naturen, men vi skal ikkje etterlate oss noko spor. Dette er knytt opp mot det med at barn treng å lære verdien av urort natur, og

gleda av å få vera ute i naturen utan alle menneskeskapte distraksjonar (Zapffe, 2012, s. 151). Barna kan då oppleve roen ute i naturen, og kome meir i kontakt meg seg sjølv.

2.3 Barns forhold til natur

Det vil i denne oppgåva vera naudsynt å sjå på barns forhold til natur og i kva grad dette kan påverka barna. Kva type forhold barna har til naturen kan påverka i kva grad dei sjølv ynskjer å ta var på den. Dersom barn ser på naturen som noko dei sjølv er ein del av, vert det naturleg for dei å ta vare på naturen. Derimot kan nokon tenkje at naturen er noko anna enn dei sjølv, og stå i fare for å distansera seg vekk frå den (Heggen & Langholm, 2019, s. 174). Når barn oppheld seg i naturen kan dei erobra naturen med heile seg. Deira opplevingar kan beskrivast som «hele-kroppen» opplevingar, og dreiar seg om at dei har ein tenkjande kropp og ein kroppslegheit som må la tankane leva fram. Dei fleste barn er av natur naturleg, og rettar opplevingane sine utad mot naturen i større grad enn kva vaksne gjer. Dette dreiar seg om at barna strekk noko av sit indre ut i omgivnadane og trekk fenomena inn i seg, og opplevingane vert danna. Barnas konsentrasjon er meir avgrensa og dei er tilstades, ikkje bare fysisk, men også mentalt – overskotet deira brukas dermed mot naturen (Bagøien, 2003a, s. 85-87).

Samanliknar ein barn og vaksne sine opplevingar i og i forhold til naturen har dei mykje fellestrekks, likevel opplev dei naturen ulikt. Barna uttrykte deira spontane livsutfaldning i naturen gjennom å nytte kroppen, men dette klarar ikkje alle vaksne å følje i same grad. Dei vaksne sine aktivitetar er ofte meir planlagd, og har som regel ein hensikt, som å gå ein tur for rekreasjon, for å læra noko eller for å hauste bær. Knytt til korleis naturen fungerer og kan nyttast er vaksne oftast opptatt av større forhold, slik som vakkert landskap eller solnedgang, medan barna er opptatt av dei små detaljane (Vedum et al., 2005, s. 170). Når barn oppheld seg i naturen er nemleg fokuset deira ofte retta mot mikrokosmos, med fokus på det little og avgrensa, samtidig som deira tanka i dette kosmoset ikkje er små – dei har store og undrande tankar (Bagøien, 2003a, s. 89). Det at barn er opptatt av detaljane i naturen, gjer at mange barn uttrykkjer ein fasinerande evne til å besjele naturen. Barn tillegg dyr og planter liv, tankar, kjensler og ofte menneskelege eigenskapar, og det blir naturleg å sjå dette i samanheng med barnas utvida sjølvforståing. For slik Næss (2005, s. 522) beskriver det «økologiske selvet» kvar alle menneskjer kan identifisere seg med alle levande skapningar, stor eller liten, pen eller stygg, kan det forklara barns intensitet i å identifisera seg med

naturens liv. Når barn identifiserer seg med naturens liv, får dei mogelegheit til å læra og sjå på artar i naturen med omsorg, og får ei medvitenhet kring at det er slektskap mellom menneske og natur. Eit slikt forhold til naturen, er knytt opp mot det som Holter og Langholm (2014, s. 98) kallar for «*opplyst antropomorfisme*». For det å oppleve naturen handlar ikkje bare om å gå ein tur i skog og mark. Barns forhold til natur kan bli påverka av kva grad barna lærar seg å observere og leggje merke til kva naturen har å tilby, samt om ein still spørsmål ved kvifor ting er som dei er (Lysklett, 2013, s. 167). Dette kan sjåast i samanheng med det Lysklett (2013, s. 149) skriv knytt til at fleire naturbarnehagar nyttar «*den døde mus' pedagogikk*», som dreiar seg om å nytte det ein finn på sin veg for så å dvela, reflektera og filosofera kring det.

2.4 Berekraftig utvikling

2.4.1 Barnehagens rolle knytt til berekraftig utvikling

I vårt val av tema var vi inne på viktigheita av berekraftig utvikling i dagens samfunn, dette er noko som også har vært framtredande i våre funn. I verdens kommisjonen for miljø og utvikling definerte dei berekraftig utvikling på fylgjande måte: «Bærekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov utan å ødelegge mulighetene for at kommende generasjonar skal få dekket sine behov» (VMU, 1987, s. 42). Kasin og Langholm (2019, s.155) skriv at utdanning har ei sentral rolle i FNs program for miljø og utvikling. Av den grunn at utdanning og barnehage er eit verkemiddel og ein gode vi har for å både påverka eiga livssituasjon, men også for å utvikla kunnskap, forståing, verdiar og haldningars som kan vera med å bidra til ei berekraftig utvikling. I følgje Skarstein og Skarstein (2019, S. 138) er naturopplevingar i barndommen, inkludert leik i naturen, ein av dei vanlegaste faktorar folk oppgjev som kjelder for sit seinare miljøengasjement.

2.4.2 Sansing, grunnlag for læring

Bae (2018, s. 204, 205) skriv om at dersom barn får direkte kontakt med naturen samstundes som dei tilsette bidrar med kunnskapsbasert rettleiing, ligg moglegeheitene til rette for å gje barna eit syn på mangfold og eigenverdi i naturen, som igjen kan gje barna eit grunnlag for å ville verne om den. Det er difor viktig at barn får ein direkte kontakt med naturen, kvar dei kan ta i bruk sansane sine for å tilegne seg ny kunnskap om det som er omkring dei. Dallan (2010, s.81, 85) skriv at sansing er grunnlag for all læring. Dersom vi skal lære noko om

verda vi lever ei, er det naudsynt å få det gjennom sansane våre. Skarstein og Skarstein (2019, s.138) skriv også om dette. Dei skriv at barns opplevingar har sit utspring i aktivitet og sansing. Dersom barn får tid og mogelegheit til å prosessera opplevingane kan dette bidra til erfaring.

2.4.3 Artslære

Bergan og Bjørndal (2019,s. 27) skriv at barn ofte viser omsorg for fuglar og dyr, og kan enkelt inspirerast til å plukka søppel og plast i naturen. Vidare skriv dei om at aktiviteter som gjev barna innsikt i artsmangfald og samspel i naturen kan vera med på å skape ein relasjonell forbindelse til naturen, og igjen kanskje gi barna eit større ynskje om å ta vare på den. Skarstein & Skarstein (2019, s.140) skriv at arts kunnskap er noko langt meir enn å kunn vite namnet på det vi har rundt oss. Artslære handlar om å kjenna att artar i naturen, samt ha kunnskap om kva dei heiter, kva dei lever av og kven som lever av dei igjen. Vidare skriv dei om at artskunnskap er viktig for å kunne sjå samanhengen i naturen og korleis vi som menneske påverkar det som lever der.

2.5 Vaksenrolla

2.5.1 Kompetente vaksne

I henhold til at vaksne spelar ei viktig rolle for tilrettelegging av barnehagekvardagen, blir det naturleg å ta føre seg rolla dei vaksne har i barnehagen for å gje barna gode naturopplevingar. Lysklett (2013, s.127) skriv at personalet er barnehagens viktigaste ressurs, og at det er opp til dei tilsette i barnehagen, korleis barnehagekvardagen til barna blir. Sjølv om barnehaga om barnehagen har rammeplanen som styringsdokument til korleis dei skal arbeide, er det eit stort spelerom for korleis dei tilsette organiserer dagane, og i kva retning dei skal arbeide for å nå måla som er nedfelt i rammeplanen. Lysklett (20113, s. 127) skriv vidare at sjølv om leiing, organisasjonskultur og plassering sett mykje av grunnlaget for korleis barnehagekvardagen blir, er det personalet som har den daglege kontakten saman med barna. Heggen og Langholm (2019, s. 181) skriv om rolla kvar enkelt tilsett har når det kjem til naturkunnskap og opplevingar hos barn. Sjølv om barn er ute, så krevst det at dei tilsette har kunnskap, slik at dei kan følgje opp barnas opplevingar, for å gje forståing av naturfenomen dei møter, for å stimulera barn nyfikenhet, engasjement og kunnskap. Lysklett (2013, s. 90 &

91) skriv om korleis ein kan dekkje barns primærbehov også ute. Han skriv at sjølv om det å drikke og ete, gå på do eller at små barn skal kvile, kan vera utfordrande ute i regn eller kaldt vær, er det derimot mange gode løysningar til det. Dørmer han kjem med når han presenterar løysningar i forhold til måltider ute, er at alle barn kan ha sitjeunderlag, ha med tørre klede i sekken, ha tynne spisevotter barna kan bruke under måltidet. I tillegg kan barna leggje vantane inntil brystkassa, slik at dei er varme til dei er ferdige å ete. Han kjem også med dørmer på korleis ein kan løyse dobesøk ute: dersom barnehagen har faste turmål kan det vera lurt å ha ein markert fast do stad, og at ein er effektiv og har gode rutiner for bleieskift i kaldt vær, slik at ein slepp og gå med bar hud for lenge. Når det kjem til kviling kjem han med tips om å bruke liggeunderlag, og at barna vært tildekt. Det kan ein gjera ved å bruke lavo eller små telt, og at ein tek av tette klede som til dømes regnklær, slik at barna ikkje vert klamme. Her kan ein sjå viktigheita når det kjem til kunnskap hos personalet i barnehagen. Hagen (2005) gjennomførte ein spørjeundersøking i naturbarnehagar og ordinære barnehagar. Her kom det fram at dei tilsette i naturbarnehagane uttrykte ein stor indre motivasjon for å arbeida ute med barn. 24% av desse hadde kompetansegivande utdanning knytt til natur og friluftsliv, medan prosentandelen var 11 i dei ordinære barnehagane. Same mønster fylgjer når dei igjen får spørsmålet om dei har anna kompetanse knytt mot natur og friluftsliv, då 50% av dei tilsette i naturbarnehagane svara ja, kontra 38% i de ordinære barnehagane. Denne undersøkinga viser at tilsette i ein naturbarnehage ofte har både meir kunnskap og utdanning innan natur og friluftsliv.

2.5.2 Rollemodellar

Lysklett (2013, s.161) skriv om de vaksne som rollemodellar, og at det er her barna får haldninga i frå. Det kvilar av den grunn eit stort ansvar på de tilsette i barnehagen. Han skriv at dersom vi ynskjer at barna skal vakse opp og visa omsorg og respekt til naturen, er det viktig at dei tilsette i barnehagen sjølv er medviten på korleis dei nyttar naturen. Dersom dei vaksne i barnehagen kastar søppel ute, eller drep småkryp vil dette stride i mot kva vi sjølv ynskjer å lære barna. Han skriv vidare at respekten for naturen og det som bur der også må inkludere dyr dei vaksne kanskje ikkje likar så godt. Han drar fram eit eksempel med edderkopp og meitemark, som kan vera artar nokon synast er ekle, men at dei tilsette i barnehagen ikkje har retten til å overføre slike personlege oppfatningar til framtidas

generasjonar. Som Langholm (2017, s. 29) skriv, er det barnas opplevingar som er viktige, og ikkje den voksens antipatiar.

3. Metode

I dette kapittelet skal vi gjera greie for kva forskingsmetode vi har nytta for å undersøke problemstillinga vår. Vi har valt å nytte deltagande observasjon og barneintervju for å innhente empiri, og har valt å gjennomføre dette i to friluftsbarnehagar.

3.1 Val av metode

Innanfor metodelitteraturen skil ein oftast mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Den kvantitative metoden er avhengig av nøyaktigkeit og er knytt opp til det som kan målast og talfestast (Bergsland & Jæger, 2022, s. 30). I ei kvalitativ forsking ser ein gjerne på heilheita av fenomenet ein forskar på. Ein ser då på samanhengar, og får tak i totaliteten. Noko av det viktigaste i ei kvalitativ forsking er at ein skapar seg meir ei forståing enn forklaring på fenomenet, og at ein stillar meir open i samspelet med det ein forskar på (Løkken & Søbstad, 2013, s.35). Vi ynskjer å sjå på kva barn seier og tenkjer i to friluftsbarnehagar, og vi vil difor ta for oss ein kvalitativ metode.

3.1.1 Fenomenologisk tilnærming

Vårt faglege og personlege ståstad, samt private erfaringar kan påverka vår førforståelsehorisont i møte med barna (Eide & Winger, 2003, s. 101). Dersom vi som intervjuere ikkje er bevisst over våre eigne referanserammer, kan vi feiltolke og legge til tankar, følelsar og meininger som barna ikkje har- eller gjev uttrykk for. Av den grunn har vi valt ein fenomenologisk tilnærming til denne forskingsprosessen. Det innebere å utforske og beskriva barna ut i frå deira eigne erfaringar og perspektiv på eit fenomen (Busch, 2021, s. 55), som i denne forskinga dreier seg om sjå «gjennom» barnegruppa sine auge for å finne meiningsa deira om naturopplevingar i ein friluftsbarnehage.

3.1.2 Barne intervju

Barn har ofte ein annleis oppfatning og tolking av det som skjer rundt dei, samanlikna med dei vaksne (Eide & Winger, 2003, s. 17). Ved å intervju barn kan vi gje dei mogelegheit til å uttrykkja deira eigne opplevingar og syn på verda. Av den grunn at det er barna som er ekspertane, er det viktig at intervjuaren er bevisst på det asymmetriske maktforholdet som

kan dukke opp mellom barn og voksen, og sørge for å skape trygge omgjevnadar for barna (Løkken & Søbstad, 2013, s. 159).

Ved at barn kan få delta i fokusgruppeintervju kan dei kjenne på kjensla av fellesskap og tilhørsle, ved at deira synspunkt og tankar blir møtt både av dei andre barna og intervjuarane. I tillegg kan ein få fleire aspektar av de ulike barnas opplevingar, kontra dersom intervjuet blir gjennomført enkeltvis (Bergsland & Jæger, 2022, s. 33). Vel ein å gjennomføra intervjuet i barnas naturlege omgivnadar, slik som ute i naturen, kan det auke barnas konsentrasjon og merksemd. Eit intervju som vekkar assosiasjonar til temaet ein snakkar om kan nemleg hjelpe på barnas tankebaner, ved at dei sansemessige inntrykka dei får kan gjera det lettare å snakke opent og fritt om temaet (Nielsen, 2014, s. 44).

3.1.3 Deltakande observasjon

Observasjon og intervju heng nært i saman. Ein kan tenkje seg til at ein intervjuar det ein hører, og observerer kva ein ser (Tjora, 2010, s. 38). I ein pedagogisk samanheng er det vanleg å definera observasjon som oppmerksemd-undersøking. Det handlar altså om å vera vaken og få tak i kva som skjer rundt oss (Løkken & Søbstad, 2013, s.40). Vi har valt å bruke deltagande observasjon som metode i vår forsking. I deltagande observasjon er vi som observatørar deltagande i barnehauptalet ein skal observere (Nielsen, 2014, s. 9), og vi har valt å ta barna med ut i sine naturlege omgjevnadar og observera korleis deira syn på naturopplevingar samsvarar med kva vi observerer.

3.2 Vår forskingsprosess

Vår forskingsprosess tar utgangspunkt i empiri samla inn i frå to utvalde friluftsbarnehagar.

3.2.1 Utval av informantar

Når vi sökte etter informantar valde vi å fokusera på friluftsbarnehagar vi hadde kjennskap til. Av den grunn at vi ynskjer at barna skal kunne kjenne på kjensla av tryggleik når vi observere og intervjuar. Vi ynskja å intervju dei eldste barna, av den grunn at dei har gått lengre i barnehagen, som også ofte har eit betre ordforråd og ein større modnad til å ta inn over seg spørsmåla. Vi tok dermed det Dalland (2020, s. 79) kalla for eit *strategisk val*, ved å

velgje barn vi trur har erfaring som kan beskrive og forklare fenomenet vi er ute etter, på ein god måte.

3.2.2 Utforming av intervjuguide

Ein intervjuguide (vedlegg 1) gjev ein oversikt over spørsmål ein ynskjer å gjera greie for i eit intervju, og bør ta utgangspunkt i problemstillinga og temaet som skal belysast (Bergsland & Jæger, 2022, s. 34). Ettersom vi har fokus på kvalitativ data, vart det naturleg for oss å velgje ein halvstrukturert intervjuform, kvar vi har ein viss rammestruktur med alderstilpassa spørsmål lagd i forkant, samt rom for undring og refleksjon. Ettersom vi ynskjer at barna skal oppleve intervjuet som trygt og naturleg, nyttar vi intervjuguiden som eit utgangspunkt for samtale.

3.2.3 Gjennomføring av deltagande observasjon

Ved deltagande observasjon i barnehage 1, fekk vi bli med halve barnegruppa som bestod av 7 barn i alderen 3-5 år på tur. Dette var ein tur som var planlagt av personalet i barnehagen i forkant, men det var ingen konkrete destinasjonsmål. Vi tok ei deltagande rolle, med ein medviten tanke om å ikkje påverka barna til kvar dei skulle gå eller kva dei skulle samtala rundt. Dette førte til at vi fekk eit innblikk i korleis barna ferdes i fri natur, samt deira undrande samtaler kring kva dei opplevde. Når vi kom tilbake til barnehagen valde vi å trekke oss litt tilbake for å notere ned og drøfte rundt kva vi hadde observert, mens det var ferskt i minne.

Når vi kom til barnehage 2 blei vi med 12 barn i alderen 4-5 år på tur i nærområdet. Her vart vi godt mottatt av barna, som drog oss med i leik. Gjennom å høyre kva barna snakka om og fortalte oss, fekk vi eit innblikk i kva som interesserte dei. På den måten fekk vi eit intrykk av korleis barna hadde det når dei var i naturen. Vi følgde barna der dei var, for å unngå å påverka barna i bestemte retningar. Vi leika, samtala å utforska saman med barna. Vi skreiv notater underveis.

3.2.4 Gjennomføring av barneintervju

Grunna fråvær av barn denne dagen i barnehage 1 hadde vi med oss tre barn i alderen 3, 4 og 5 år når vi skulle gjennomføre intervjuet. Vi trakk oss litt vekk i frå resten av barnegruppa og informerte barna om kva dei skulle få delta på. Barna blei gjort medviten på at ein av oss tok ei passiv rolle som skribent, medan den andre leda sjølve barneintervjuet. I starten var barna delaktige og interesserte, men etter kvart vart barna litt ukonsentrerte, fordi resten av avdelinga åt vaffel. Dette førte til at samtalens naturlege flyt vart litt påverka, og barnas fokus vart meir retta mot de forstyrrande element utanfrå. Av den grunn valde vi å besøke barnehagen ein gong til, og gjennomførte eit nytt intervjuet med tre nye 5-åringar. Denne gongen var vi meir medviten på barnas alder og relasjon, i håp om at barna kunne kjenne på tryggleik hos kvarandre, samt snakke meir opent og fritt. Ut i frå erfaringa vi fekk i det første intervjuet, valde vi å gjennomføre det andre intervjuet meir skjerma. I dette intervjuet vart det ein naturleg flyt i samtalens, og ut i frå vår tolking snakka barna meir opent og fritt, som resulterte i at vi aktivt fekk lytta til barnas eigne tankar og utsegn knytt til temaet. Intervjuet blei avslutta med: «*Kva tid kjem dåke tilbake? Dåke kan spør oss meir*» (informant 1.D). Vi har valt å kalle informantane frå barnehage 1 for: A, B, C, D, E og F, og de blir referert som informant 1A-F i neste kapittel.

Barneintervju i barnehage 2 ble gjennomført før lunsj saman med 3 barn i alderen 5 år. I lomma hadde vi med oss spikkeknivar slik at barna hadde ein aktivitet under intervjuet. Vi la tydeleg fram at vi ynskja å intervju dei fordi dei var ekspertane. Ein av oss noterte ned alle svara, medan den andre stilte spørsmåla. Barna synast det var spanande og få lov til å spikka, og var dermed lite interesserte i å bli intervjuet, og fokuset gjekk over på spikkinga. Vi valde difor å avbryte intervjuet. Datamateriale frå denne barnegruppa er ikkje med i oppgåva, då dette blei ein kort intervjusekvens, med spikking i fokus. Etter lunsj tok vi med oss tre nye barn til eit nytt forsøk. Her valde vi å droppe spikkeknivane. Vi opna intervjuet på same måte som vi gjorde første gongen. Det vart ein mykje betre flyt i denne samtalens og barna kom med mange spennande svar. Barna var interesserte i å snakka med oss, og viste interesse for temaet vi snakka om. Når vi var ferdige spurte vi kva dei synast om å bli intervjuet, og fekk gode tilbakemeldingar. Dette synast dei var gøy. Vi takka dei for innsatsen og gjekk tilbake til barnegruppa. Vi har valt å kalle informantane frå barnehage 2 for: A, B og C, og de blir referert som informant 2A-C.

3.2.5 Vår analyseprosess

Etter kvar gjennomført dag i informantbarnehagane noterte vi ned observasjonane våre i tabellar, samt transkriberte barneintervjuet. Av den grunn at vi ynskja å ha datamaterialet systematisert og tilgjengeleg for begge partar. Når vi var ferdig med innhenting og anonymisering av datamaterialet, valde vi å kopiere ut både intervjuet og observasjonane, og la det ut over eit bord. Deretter tok vi for oss ein og ein tabell, og markerte utsegn frå barna som vi synast gav ein god forklaring knytt til problemstillinga, og noterte ned temaer som kom til syne. Desse valde vi å systematisere i 5 fargekoder: konkrete naturopplevingar, artslære, berekraftig perspektiv, filosofisk perspektiv og avgrensing. Vidare gav desse fargekodane eit utgangspunkt for innhenting av teori, samt grunnlag for funn og drøftingsdelen.

3.3 Etisk perspektiv

For oss som har barn som informantar, er det svært viktig at vi får fram i teksten vår at vi skriv ut i frå våre tolkingar av barns utsegn, og at vi framstiller barna bra. Av den grunn at barna ikkje kan lese våre transkripsjonar av intervjuet i etterkant eller sit med forståinga om retten dei har til å trekkje seg frå forskingsprosjektet.

I forkant av prosjektet sendte vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om oppgåva og vårt metodeval (vedlegg 2). Her fekk vi samtykke av barnehagen, utan signatur, for å bevare deira anonymitet. Forelder ble informert av barnehagen. På denne måten hadde barnehagen mogelegheita til å samle inn samtykke frå foreldra på eigenhand. Vi har også eit stort fokus på anonymitet i oppgåva vår, og har i forskingsprosessen kunn nytta eigne notat, som er anonymisert. Denne metoden krev ikkje at vi meld inn prosjektet vårt til Sikt (<https://sikt.no/fylle-ut-meldeskjema-personopplysninger>).

3.4 Metodekritikk

I ein forskingsprosess er det ein viktig forutsetning å vera kritisk til metode og innsamlingsstrategiane ein har nytta, for å kunne sikre kvaliteten på eige arbeid. Når det gjeld reliabilitet, har vi sikra datamaterialet ved at vi har vore to studentar som har

gjennomført deltagande observasjon og barneintervju. Vi har begge to vore med på å fylle ut transkripsjonane, og på den måten fekk vi forsikra oss om at transkripsjonane stemte. Dette er ein fordel med tanke på at vi ikkje hadde video eller lydopptak av omsyn til personvern. Det vart difor viktig for oss å prøve å notere så mykje som mogeleg for å ikkje miste nyttig informasjon.

Når det gjeld validitet dreiar det seg om å reflektere om metodeval og funn samsvarar med formålet med forskinga, samt om funna representerar verkelegheita (Bergsland & Jæger, 2022, s. 44). Dette dreiar seg om å tolke og forstå det barna seier ut frå korleis dei uttrykkjer seg. For slik Pramling hevdar (1989, s. 34), kan ein i arbeid med barneintervju måle validiteten ut i frå kunnskapen ein har om barns utvikling, samt kjennskap til barnas miljø, språk og måte å uttrykka seg på. Ut i frå at vi har litt kjennskap til begge informantbarnehagane frå før, såg vi at barnas utsegn og måte å uttrykka seg på, gav ei god og reell beskriving av korleis dei sjølv uttrykkjer sine naturopplevelingar i friluftsbarnehagen. Derimot kan ei mogeleg feilkjelde knytt til dette vera påverknad frå personlege forhold, ved at ein har ein førehandsinnstilling eller erfaring som kan påverka observasjonane. I tillegg til at barna kan ha kjent på intervjueffekten, ved at det er ein intervjuar som stillar spørsmål, og at barna kan bli påverka til å svare det de trur vi ynskjer å høre (Løkken & Søbstad, 2013, s. 61, 121).

Til tross for at vi har utført observasjon og intervju i to ulike friluftsbarnehagar har vi fått funn som ikkje er avhengige av kvarandre, som kan gje oss ei større forståing utan at dei er påverka av kvarandre.

4. Funn og drøfting

I dette kapittelet skal vi analysere og drøfte empirien frå intervjuet og dei deltagande observasjonane, sett i lys av teorien vi presenterte i kapittel 2. Vi har valt å dele kapittelet inn i tre underkapittel for å gjera greie for problemstillinga vår på best mogeleg måte. For at det skal vera eit tydeleg skilje mellom informantane sine tolkingar, og kva som er vår tolking og drøfting, har vi valt å markere informantane sitt utsegn i kursiv. Av den grunn at dette kan gjera datamaterialet så transparent som mogeleg (Bergsland & Jæger, 2014, s. 82).

4.1 Barn ser ikkje utfordringar, men løysningar

Utsegnet: «*Me kan bare ta på regnklaer!*» (informant 2.C) er eit enkelt svar på spørsmålet vårt, knytt til om barna likte å vera ute når det regna. Eit spontant og ærleg svar, kvar det kan tolkast som barna sjølv ikkje såg hindringar med regn. Det kan vera interessant å sjå på undersøkinga til Hagen (2005) som såg på motivasjonen til dei tilsette i ordinære barnehagar og i naturbarnehagar. Resultatet var at det var ein større andel av tilsette i naturbarnehagane som hadde kompetansegivande utdanning eller anna kompetanse knytt til naturbarnehagar, samanlikna med dei ordinære barnehagane. Dette synleggjer at tilsette i ein naturbarnehage ofte har meir kunnskap og utdanning innan natur og friluftsliv. Gjennom observasjon opplevde vi at dei vaksne var svært tett på barna i naturen. Når vi var saman med barnegruppa i fjæra, satt de vaksne ord på artane de såg, og samtalte med barna omkring det dei observerte.

Ut i frå våre eigne erfaringar har vi sett at det i fleire barnehagar er ein sjølvfølgje at bleieskift skal bli gjennomført inne på eit stellebord. I våre informantbarnehagar tok dei derimot bleieskift og andre toalett rutinar utandørs. Ut i frå vår tolking var ikkje dette eit problem for barna, verken ved å få ny bleie utandørs, eller å måtte skifte bleie ute i skogen. Dette kan sjåast opp mot det Lysklett (2013, s.127) skriv, om at det er opp til personalet i barnehagen å styre korleis barnehagekvardagen blir. Han skriv også om at sjølv om barnehagen har rammeplanen som styringsdokument, er det eit stort spelerom for korleis dei tilsette organiserer dagane, og korleis dei kan arbeida for å oppnå måla som er satt i rammeplanen. Det er ikkje gitt at alle barn trivest ute, og gjennom våre observasjonar i desse friluftsbarnehagane høyrt vi svært lite klaging, eller ynske om å kome inn. Dette var noko vi

også fekk inntrykk av under intervjuet. Når vi spurde om dei av og til kunne ynskje og vera inne ein heil dag fekk vi til svar: «*Me treng jo frisk luft, ellers blir me heilt kokko!*» (informant 1.F). Dette forsterkar forståinga vår om at ein friluftsbarnehage medverkar til at barn kjem nærmare naturen.

Som Lysklett (2013) skriv, er det mange mogelegheiter for å skapa gode rutinar for både kvile, måltid, toalettrutiner, også utandørs, men her treng ein gode vaksne som ser på mogelegheitene. Dette er noko vi ut i frå tidligare erfaringar i barnehagar, har observert at kan vera ein stopper for å få barn med ut i naturen. Ein kjend problemstilling kan vera kvilerutinar, ved at mange barnehagar lar barna kvile innandørs. Med tanke på at barn har ulike kviletider kan det då setje ein stoppar for tida barna eigentleg kan nytte utandørs. Gjennom observasjon i barnehage 1, såg vi at barna fekk kvila etter deira egne behov. Eit eksempel var at eit barn som var trøtt på veg tilbake frå tur fekk tilbud om å bli boren, og fekk då mogelegheita til å sove litt på skuldrene. Her såg vi at dei vaksne tilpassa seg etter barnas behov, og ut i frå vår tolking oppfatta vi det som at de lærte barna å imøtekome sine behov for ro og kvile. Dette kan sjåast opp i mot det Lysklett (2013, s.161) skriv, knytt til at de vaksne er rollemodellar, og at det er her barna kan få sine haldningars frå. Det kvilar nemleg eit stort ansvar på tilsette i barnehagen også når det kjem til haldningars til å opphalde seg mykje ute. Ut i fra observasjonane og intervjuet kan det tenkjast at desse barna har vaksne som til dømes fremjar ei positiv haldning til å vera ute i all slags vær. Vi spurte barna kva dei tenkte om å vera ute når det regna, og fekk då til svar: «*Ååå det er kjekt, då kan vi hoppa i søleputtar*» (informant 1.C), «*Om da ikkje regne, hadde da jo ikkje komt regnbue*» (informant, 2.A). Vår tolking av dette er at barna ikkje ser utfordringar, men heller nyttar seg av mogelegheitene regne kan gje. Lysklett (2013, s. 167) skriv om barns forhold til natur, og korleis forholdet kan bli påverka av kva grad barna lærar seg å observere og legge merke til kva naturen har og tilby, som i dette tilfelle er mogelegheita regnet gav til å skapa fine regnbogar i fine fargar. Ut i frå både observasjon og barns utsegn forstod vi at barna fekk lov til å stoppe opp undervegs når dei gjekk tur, dei vaksne skunda seg ikkje vidare, men lot barna få nytte den tida dei trøng, og støtta barna i deira undring og utforsking av fenomena dei møtte på.

Gjennom både observasjon og samtalane med barna fekk vi eit innblikk i korleis dei nytta ressursar frå naturen til å leike med. Gjennom ein samtale med barna i informantbarnehage 2 spurde vi kva dei likte å leika med når dei var på tur, og fekk til svar: «Å skli» (informant 2.A). Då kom det frå eit anna barn: «Me har jo ikkje sklie» (informant 2.B). Som då fekk til svar: «Me sklir jo på steinane» (informant 2.A) I barnahage 1 fortal eit barn: «Eg liker godt å leke bjørnen sover i ein haug med blader» (informant, 1.A). Vår oppfatning er at barna ikkje ser avgrensing når dei er i naturlege områder, til tross for at dei ikkje har desse tillaga leikeplassane som ein ofte finn på leikeområda til dei ordinære barnehagane. Gjennom ei svensk undersøking (Martensson et al., 2009) viser det til at barn som har fått gode leikemogelegheiter i eit naturprega miljø, uttrykte tydeleg betre motorikk og konsentrasjonsevne samanlikna med barn som leika i eit velfrisert miljø. At barna nyttar naturmateriale på denne måten gjev dei fleire mogelegheiter for leik, kontra standardiserte leikeapparata som gjer leiken lik for alle. Vi såg noko av det same under deltakande observasjon i informantbarnehage 2, når eit barn kom bort til oss med to pinnar å fortalte: «Eg vil spikka knivar, for eg vil klarte på eit fjell». Det kan tolkast som at dette barnet ikkje såg noko avgrensingar, men hadde store planar om å fysisk klatre på eit fjell med desse knivane. Dette viser at barnet har god kreativitet og ser på potensielle i ein heilt vanleg pinne, som kanskje ikkje er ein sjølvfølgje for alle barn. Ut i frå svara til barna ser vi fellestrek i at barna likar å leike ute, og vår tolking er at desse barna i friluftsbarnehagane ser på naturen som ein stad kvar det er gode mogelegheiter for leik.

Gjennom observasjon fekk vi eit innblikk i korleis deira barnehagekvardag var i ein friluftsbarnehage, og det var tydeleg at dette var barn som var vand med leik i varierte miljø. Til tross for bratt og ulendt terreng observerte vi at barna ikkje såg hindringar, men mogelegheit for å utfolda seg. Ut i frå våre tidlegare erfaringar med andre barnehagar, opplevde vi at informantane våre hadde svært god motorikk. Barna var undrande for alt dei såg på sin veg, samstundes som dei vart møtt av dei tilsette i barnehagen på ein god måte. Gjennom observasjon frå tur med informant barnehage 1, har vi notert oss at det verka som barna var på ein evig oppdagingstur. Denne observasjonen er ei fin oppsummering av korleis det var å vera på tur saman med barna i begge friluftsbarnehagane. Gjennom å få slike oppdagingsturar gjennom oppveksten kan det vera med på å læra barna om verden vi lever i. Dalland (2010, s. 81,85) skriv om korleis sansane våre er grunnlaget for all læring, og at dersom vi skal læra noko om verda vi lever i, spelar sansane ei stor rolla. Skarstein og

Skarstein (2019, s.138) peikar på at barns opplevingar har sit utspring i aktivitet og sansing, men at det også er viktig at barn får moglegheita til å prosessera opplevingane sine, slik at alle desse sanseuttrykka og opplevingane kan føra til erfaringar og lerdom. Gjennom aktivitetar som til dømes søppelplukking har barna fått både lerdom om korleis dei gjer det, men også kunnskap om kvifor det er viktig å fjerne plasten. Dette kom tydeleg til syne gjennom eit sitat frå intervju med barnehage 1: «*Fiskane kan ikkje leve vist det er plast i sjøen, me må derfor ikkje kasta plast i havet*» (informant 1.F).

På grunnlag av både observasjon og samtalar med barna, fekk vi ei forståing av kva barna tenkte om det å bruka barnehagekvardagen i naturen. Når vi samtalte med barna om kvifor dei likte å vera ute fekk vi til svar: «*Det er god plass ute, god plass til å leike*» (informant 1.B). Eller som eit anna barn fortalte: «*Det er kjedelig å vera inne heile tida. Eg ville ikkje vært inne ein heil dag, kunn vært ute ein heile dag*» (informant 1.F). Gjennom desse utsegnene kan det tenkjast at dette er barn som er sosialisert til å bruka tid utandørs, og som vi observerte gav uttrykk for å setja pris på dette. Bae (2018, s.185) skriv om at dersom barn får mogelegheit til å bli kjent med eit naturområde og det som lever der, kan det fremja deira tilhøyrslle til naturen, samt fremja ei positiv haldning til det. Teorien til Bae følte vi kom godt til syne i våre informantbarnehagar gjennom gleda barna uttrykkjer på tur, og kjærleiken dei visar til naturen. Dette er friluftsbarnehagar som brukar store delar av kvardagen sin utandørs i ulike miljø, så det kan tenkjast at dette er ein avgjerande faktor for at barna har mogelegheit til å opplevde nettopp det Bae skriv om.

Når vi valde informantar til bacheloroppgåva valde vi bevisst friluftsbarnehagar. Av den grunn hadde vi nokre tankar i forkant om at vi kunne møte barn som likte å vera ute. Dette var tankar vi fekk bekrefta ved fleire anledningar. Når vi spurte barna om dei nokre gongar vart slitne av å vera mykje ute, fekk vi til svar: «*Nei, me blir ikkje da, me bør helst gå tur 5 dagar i veka, det er perfekt! Me er så flinke til da*» (informant 2.B), «*Om me blir slitne så kan me jo berre kvila oss litt, da kan me av og til trengsa*» (informant 2.C). Ut i frå vår tolkning fortel desse utsegnene mykje om barnas tankar kring å opphalde seg store deler av dagen ute. Desse barna såg ikkje på det som eit problem å vera mykje ute, og kom sjølv med forslag til løysningar om kva ein skulle gjera dersom ein var sliten – nemleg kvile seg litt. Det ligg mykje god forsking på kvifor det er viktig å nytte naturen i barnehagekvardagen, men lite

forsking omkring kvifor mange barnehagar brukar lite tid ute. Om ein ser på forskinga til Moser og Martinesen (2012, s. 6), viser den at barn leika meir utandørs på sommaren, og at det var lite utandørs leiking på vinteren. Det kan tenkjast til at dei vaksne ser på kvile, temperatur og vær som ei hindring for det å vera utandørs heile dagar. I våre informantbarnehagar såg vi derimot ein gjennomgåande oppfatning knytt til at barna ikkje såg på årstidene som ein utfordring. Vi spurde nemleg barna kva dei tenkte om å vera ute når det var kjempekaldt, og fekk då til svar: «*Det er bere til å ta på seg fleece og genser då*» (informant 2.B), «Då kan vi lage snøenglar» (informant 1.B), som vart supplert med: «*Ja og vi kan lage snøhula og snølykter*» (informant 1.C). Ut i frå vår oppfatning verka det som barna såg på naturen som ein arena for leik og utvikling året rundt, og her kan det tenkjast til at dei vaksne har gjort ein god jobb i å fremja haldninga til å opphalde seg ute, uavhengig av vær og klima. Dette kan knyttast opp mot det Lysklet (s. 17) skriv, om at dei vaksne i barnehagen har ei stor rolle knytt til korleis barnehagekvardagen til barna blir. Vi ser av den grunn på de vaksne sin kompetanse og haldningar, som ein viktig faktor som kan vera med på å gje barnehagebarn gode naturopplevingar året rundt.

4.2 Naturkunnskapsrike barn med miljømedvit

I begge barnehagane har vi observert og fått inntrykk av at barna har god naturkjennskap, og til tross for den korte tida vi var i barnehagane, verka det ut i frå våre tolkningar som barna uttrykkjer ein tilhøyrighet til naturen. Gjennom samtale med barna tolka vi det som at barna hadde klare tankar om korleis og kvifor ein må ta vare på naturen. Under den eine samtales i informantbarnehage 1 kom vi inn på temaet tang og tare, etter eit prosjekt barna hadde hatt i barnehagen. Vi stilte dei spørsmål om dei visste forskjellen på dei ulike typane tang og tare, og fekk då til svar: «*JA! Sagtangen har sånne piggar nett som ei sag, og sukkertaren den var grønn, og blæretangen den har klumper på seg*» (informant 1.F) Her var det tydeleg at barna viste kva dei snakka om, og viste god kunnskap knytt til temaet. Det kan tenkjast at desse barna har vaksne som sit med mykje kunnskap, og som støttar opp under barnas naturopplevingar. Dette kan sjåast i samanheng med det som Heggen og Langholm (2019, s. 181) skriv om, knytt til at kvar enkelt tilsett har ei viktig rolle når det kjem til naturkjennskap og opplevingar hos barn. For at barn skal få kunnskap, treng dei vaksne rundt seg som kan læra dei. Under deltagande observasjon i barnehage 1 la some barn merke til eit fuglereir i toppen av eit tre. Nokre av barna var undrande til kvifor reiret var så høgt oppe, og vart møtt

med vaksne som undra saman med dei og som svarte på deira spørsmål. Gjennom at dei vaksne i barnehagen tok seg tid til å undra seg saman med barna, å setja ord på kva barna såg, har barna fått- og får eit breiare ordforråd, samt større artskunnskap. Vi vart overraska over kunnskapen barna hadde, og det kan tenkast at det grunnar i at dei oppheld seg mykje ute, med vaksne som har god kunnskap. Heggen og Langholm nemner også dette med at sjølv om barn er ute, så krevst det at dei tilsette har kunnskap til å følgje opp barnas opplevingar, for å skape ei større forståing for naturfenomena dei møter. Dette kom godt til syn under begge observasjonane våre, ved at dette var barnehagar som var gode på nettopp dette.

Etter samtalen kring tang og tare med barnehage 1 kom vi inn spørsmålet som var retta mot kva barna tenkte var fin natur. Dett eine barnet fortalte då med eit stort smil om munnen: «*Det er å nyte skogen*» (informant 1.F), som vart supplert med: «*Og det å høyre fin fuglesang*» (informant 1.F). Barna fortalte då kva som var deira favoritt fuglar, og utan å måtte tenkje seg om fortalte barna samtidig: «*Eg liker rødstrupen*» (informant 1.D), «*Eg liker dompapen*» (informant 1.E), «*Eg likar svarttrosten*» (informant 1.C). Vi observerte også under turen med informantbarnehage 2 at fleire av barna var opptatt av hjort og kvar dei befann seg. Eit barn studerte eit tre å sa: «*Sjå, her har hjorten klødd geviret sit, for her er barken vekke*», som seinare vart supplert med: «*Her har da gått ein mamma og ein baby, der er da eit stort spor og der er da eit lite spor*». Her såg vi tydeleg at barna hadde gode kunnskapar og dette kan sjåast i samanheng med det Skarstein og Skarstein (2019, s. 140) skriv, om at artslære er meir enn kunn å vita namnet på artane, men dreiar seg også om å ha ein viss kunnskap om kva dei lever av og kven som lever av dei igjen. Ut i fra vår tolkning kan dette også sjåast i samanheng med det Hilmo (2012, s. 126) skriv, om at barn kan få opplevinga av samhørighet til naturen ved å kjenne igjen fuglesang eller vite når hjorten fell geviret sit. Vi ynskjer likevel å understreke at ordet samhørighet kan vera eit stort ord og bruke i denne konteksten, men ut i fra vår forsking fekk vi kjensla av at nettopp desse opplevingane viste til at barna kjente på ein samhørighet vi ikkje har opplevd tidligare.

Under turen vi gjekk med informantbarnehage 1 langs fjæra, fortalte eit barn: «*Der ligger det ein død krabbe, kanskje ein måke har spist den fordi den var sulten*», som seinare vart supplert med: «*Sjå her, her er ein strandsnegle! Eg trur krabben spiste den!*». Vi oppfattar det som at barna var vant med å ta seg god tid til å studere artar og andre fenomen, og det kan

tenkast at barna kanskje er vandt med det Lysklett (2013, s. 149) skriv om «Den døde mus' pedagogikk» som går ut på å bruka det ein finn på sin veg for å så dvela, reflektera og filosofera kring det. Vi ser ein gjennomgåande tendens til at barna er opptatt av små detaljar som vi vaksne kanskje ikkje tenkar like mykje over. For slik Vedum, et al. (2005, s. 170) skriv, er vi vaksne oftast opptatt av større forhold, slik som vakkert landskap eller solnedgang, mens våre informantar var opptatt av dei små detaljane. Dette kan også sjåast i samanheng med undersøkinga Madsen (1988, s. 86-87) gjorde, som viser til at barns fokus ofte er retta mot det konkrete, nemleg kva dei har føre seg i hendene. Eit godt eksempel på dette kom fram under samtale med barna i barnehage 1, kvar barna fortalte om ein fisk dei hadde sløya. Det eine barnet fortalte ivrig: «*Vi tok ut hjerta på fisken, det dunka fort*» (informant 1.F) samstundes som barnet viste med fingrane kor lite hjarta var. Dette samsvarar også med det Bagøien (2003a, s. 89) skriv, om at barn som oppheld seg i naturen ofte har fokuset deira retta mot mikrokosmos, med fokus på det little og avgrensa (Bagøien, 2003a, s. 89). Dette kom også tydeleg til syne når vi spurde barna kva dei tenkte på når vi sa ordet «naturopplevelse». Eit barn fortalte då: «*Det kan vera å finne marihøner, på blader*» (informant 1.F), og eit annet barn fortsette ivrig: «*Me tar dei i glas også tar vi lauv og sånn oppi. For då kan vi studere dei! For eg har lært at marihøner like godt lauv! Fordi når me latting oppi glaset så gjekk den på lauvet*» (informant 1.D). Vår tolking av dette er at denne erfaringa barna har hatt med marihøna kan vera noko som sit godt i minnet, til tross for at marihønene kjem om sommaren og dette intervjuet vart gjennomført på vinteren. Barna uttrykte stort engasjement når vi samtalte rundt dette temaet, og det kan verka som denne opplevinga har skapt intrykk som barna har tatt med seg vidare. Dette kan også sjåast i samanheng med det Lundhaug og Neerdgard (2013, s. 74, 82) hevdar, knytt til at kjernene i friluftsliv og uteliv dreiar seg om å ta lærdom av eigne erfaringar og nytte lærdommen til å få ei større forståing og meir kunnskap.

Vi stilte eit spørsmål om barna gjorde noko spesielt for å ta vare på naturen. Eit barn fortalte då: «*Fuglar og andre dyr kan dø vist me kaste boss ute, så da må me ikkje gjera!*» (informant 1.B), og då supplerte eit annet barn med: «*Me må heller ikkje grava ner boss i jorda, fordi då kan makkane dø, og me er avhengig av dei*» (informant 1.C). Det overraska oss at barna hadde så reflekterte tankar. Vi sit også igjen med kjensla av at barna var svært modne til tross for alderen. Bergan og Bjørndal (2019, s. 27) skriv at barn ofte viser omsorg for fuglar og dyr, og kan enkelt inspirerast til å plukke søppel og plast i naturen. Derimot er det ikkje ein

sjølvfølgje at barn på 5 år har ein bevisst tanke kring at vi er avhengig av meitemarken, eller at forsøpling kan påverka livet deira. Det kan tenkast at desse barna har gode vaksne rollemodellar som har eit medviten forhold til korleis dei nyttar naturen, og har god kunnskap å lære frå seg til barna. For slik Lysklett (2013, s. 161) skriv, stir det i mot kva ein ynskjer å lære barna, dersom dei vaksne i barnehagen kastar søppel eller drep småkryp. Dei vaksne har eit stort ansvar i å lære barna å vise omsorg og respekt til naturen, og ut i frå barnas utsegn kan det tolkast som desse barna har gode rollemodellar.

Vidare i samtalet avbryt det eine barnet det andre, og fortel med ei ivrig stemme: «*Me har mata ekorn, for dei finne ikkje mat om vinteren, då ligge maten onda snøen! Derfor må me gi dei mat*» (informant 1.F). Ut i frå barnas engasjement kring det å snakke om dyr og korleis ein tar vare på naturen, fekk vi ei kjensle av at dette var noko barna var svært opptatt av, og hadde eit bevisst forhold til. Dette kan sjåast opp mot det som Orr (1992, referert i Bae, 2018, s. 184) kallar for økologisk leseferdigheit, som dreiar seg om at barna er klar over den gjensidige avhengigheita som eksistere mellom ulike artar, samt mellom oss menneske og naturmiljøet. I tillegg kan dette sjåast i samanheng med det Holter og Langholm (2014, s. 98) kallar for «opplyst antropomorfisme». Ut i frå vår tolking identifiserte nemleg barna seg med naturens liv, og barna kan då få ein mogelegheit til å lære å sjå på artar i naturen med omsorg, og få ei medvitenheit kring at det er slektskap mellom menneske og natur. Det faktumet at barna har slike reflekterte tankar kjem nok av at barna har fått mogelegheit til å bli kjent med ulike naturområde, fått erfare kva som lever der samt hatt vaksne rundt seg som har støtta opp barna med deira kunnskap. Dette kan sjåast opp mot det Bae (2018, s. 182) skriv, om at barn gjennom direkte erfaringar med og opplevingar i naturen, kan få kunnskap om naturen som eit levande system. Som igjen kan lære barna å ta vare på naturen og lære dei om naturens eigenverdi.

Gjennom intervjua fekk vi lytta til barnas tankar kring det å vera miljømedvitene, og ut i frå våre deltakande observasjonar kan det tolkast som at barna har god handlingskompetanse knytt til å vera miljømedviten. Under den eine turen vi var med på, var barna svært opptatt av å plukke opp alt dei fann av søppel – både stort og smått. Når vi spurte kva dei gjorde fekk vi til svar at dei samla det i samen slik at dei kunne ta det med tilbake og kaste det i sørpelet. Dette viser kor mykje barnehagekvardagen i ein friluftsbarnehage kan vera med å påverka

barna og deira syn på naturen, med tanke på at desse barna til dømes plukkar søppel på eige initiativ og viser ei slik interessa for å verne om naturen. For det kan tenkjast at desse barna har vaksne i barnehagen som har fokus på dette, og dette kan sjåast i forhold til kva Bae (2018, s. 204-205) skriv, om at barn som får direkte kontakt med naturen samstundes som dei tilsette bidrar med kunnskapsbasert rettleiing, har eit godt utgangspunkt for å få eit syn på mangfald og eigenverdi i naturen, som igjen kan gje eit grunnlag for å ville verne om den. For slik Lundhaug og Neerdgaard (2013, s. 74) skriv, er det sett opp mot barns danningsprosess viktig å leggje vekt på leik og læring i naturen som kan styrkja barnas kjensler.

Vi stilte eit spørsmål om kva barna synast var kjekkast å gjera ute. Eit barn fortalte då: «*Eg elske elske elske å finna innsekta!* Åsså like eg og planta tre» (informant 2.C) og eit annet barn supplerte då med å sei: «Å eg like å planta solsikke å gullerøtter» (informant 2.A). Ut i frå observasjonane våre kan det tolkast som at desse barna er vant med å få direktesanselegg kontakt med dyr og andre artar i naturen, og vert ikkje bare fortalt om naturfenomena gjennom media, bøker og internett. Vi har observert at barna genuint er interessert i naturen og det som lever der, dei viser at dei har evne til å verne om den. Skarstein og Skarstein (2019, s. 138) skriv, om at naturopplevingar i barndommen, inkludert leik i naturen, ein av dei vanlegaste faktorane folk oppgjev som kjelde for sit seinare miljøengasjement.

4.3 Barn finn tryggleik og ro i naturen

«*Vi lokke augene og følge tankane våre*» (informant 1.A). Denne utsegna kom når vi samtalte med barna om det å nyte naturen, som var eit tema dei sjølv kom inn på. I løpet av denne samtalen fekk vi ei kjensle av at barna sjølv kan kjenne på kva ro naturen kan gje. Som vaksen kan ein nok ofte kjenne på ei ro når ein er ute i naturen, men med all teknologi, mykje støy i barnehagar og andre distraksjonar i kvardagen, kan ein tenkja seg til at den roen i naturen er noko også barn sett pris på. Om ein ser på kva filosofen Petter Wessel Zapffe skriv, er menneska velkomne i naturen, men at det er viktig å lære barn verdien av urørt naturen, og glede av å vera ute i naturen utan menneskeskapte distraksjonar (Zapffe, 2012, s.151). Dette kan føre til at barna får ein indre ro, og kan hjelpe barna å få meir kontakt med seg sjølv. I samtalane saman med barna fekk vi eit innblikk i korleis dagane deira var i barnehagen. Vi satt igjen med ei forståing om at barna fekk både varierte og innhaldsrike

dagar i naturen, som mest tenkjeleg kan ha skapt den tilhørysle det verkar som barna sit med til naturen. Ut i frå våre tolkingar verka det som barna fann roen i naturen, dei stressa ikkje og var ikkje opptatt av kva klokka var eller kva som var planen vidare. Barna var til stades i suet. Dersom ein går tilbake til sitatet frå informant 1.A. kan ein tenkja seg til at barna får tid til å finne roen. Vi opplevde gjennom observasjon at barnehagane ikkje var bunden til eit tidspress vi har opplevd i andre barnehagar. Vi opplevde både at barna fekk tid til utforsking, men også rom til å nyte naturen med sansane, som å lytte til lydar rundt seg, eller eit anna eksempel vi observerte: ligge på bakken for å sjå på korleis skyene bevegde seg.

Vi stilte eit spørsmål om årstider og kva årstid barna likte best, og då fortal det eine barnet: «*Eg liker dei fine bladene, dei har så fine fargar på høsten*» (informant 1.A), og då supplerte eit annet barn med: «*Ja og eg liker å rulle meg i bladene på bakken*» (informant 1.C). Desse utsegnene fekk oss til å bli bevisste på kor oppmerksame barn er på ting rundt seg. Vi fekk også svar som gjekk meir på fysiske aktivitetar som å ete is, bading og andre aktivitetar knytt rundt sommaren. Som informanten ovanfor var tydeleg på, var hausten favorittårstida, av den grunn at fargane på blada var så fine. Det kan oppfattast som at dette er ei erfaring barnet har gjort seg som er ei estetisk oppleveling barnet sit igjen med. Bagøien (2003a, s. 85-87) skriv om dette med at barnas konsentrasjon er meir fokusert og dei er til stades, ikkje bare fysisk, men også mentalt. Dette førar til at overskotet deira brukast mot naturen, og dei vert oppmerksame mot slike ting som til dømes endringane årstidene førar med seg.

Kva type forhold barna har til naturen kan påverka i kva grad dei sjølv ynskjer å ta var på den. Dersom barna ser på naturen som noko dei sjølv er ein del av, vert det naturleg for dei å ta vare på naturen. Derimot kan nokon tenkje at naturen er noko anna enn dei sjølv, og stå i fare for å distansere seg vekk frå den (Heggen & Langholm, 2019, s. 174). Når vi observerte i barnehagane opplevde vi at barna hadde ro, dei hadde ikkje dårlig tid, og dei tok seg tid til å både studera og ta inn sanseintrykk. Gjennom intervjuet opplevde vi at alle barna var glade i naturen, men også at dei sjølv såg på det som ein læreprosess. Dette kjem til syne når ein ser på utsegne det eine barna kom med: «*Me lære å vera masse ute å da e kjempe gøy*» (informant 1.C). Vi fekk ei forståing om at barna sjølv fant glede og meistring i alle læreprosessane dei møtte i naturen, barna var nyfikne, og haldt ikkje tilbake på spørsmål om korleis ting hang saman. Bagøien (2003a, s. 85-87) skriv om korleis barn kan erobre naturen

med heile seg når dei oppheld seg i naturen. Slike opplevingar kan beskrivast som «hele-kroppen» opplevingar som vil sei at de fleste barn rettar opplevingane sine utad mot naturen av natur, i større grad enn kva oss vaksne gjer. Barna trekk inntrykk til seg, og opplevingane vert danna. Gjennom observasjon såg vi at barna fekk mogelegheit til å påverka sin eigen kvardag i stor grad i form av at dei fekk tid og mogelegheit til å utforska ting dei fann på sin veg. Ved at barna står så fritt i deira møte med naturen kan det gje dei større mogelegheit enn andre barn til å få slike «hele-kroppen» opplevingar som Bagøien skriv om, og de får erobre naturen med heile seg.

Vi ser hos informantane våre ein gjennomgåande oppfatning av barnas glede og entusiasme når det kjem til natur og naturopplevingar. Gjennom observasjonane våre var barna utforskande og nyfikne på alt rundt dei. Bae (2018, s.185) skriv at dersom barn får mogelegheit til å bli kjent med eit naturområde og det som lever der, kan dette vera med på å fremja tilhøyrsela deira til naturen, samstundes som det kan fremja ei positiv handling til natur. Gjennom kvardagen i ein friluftsbarnehage får barna bruk mykje av sin kvardag i varierande naturområde, noko som igjen vert gjenspeglia i deira utsegn i intervjuet. Eit barn fortalte: «Å gå på tur er det kjekkaste, det å vera trygg i skogen. Då går me oss ikkje vill» (informant 1.D). Her uttrykkjer barnet ei glede over å vera på tur, og fortel oss at dei set pris på å kjenne på tryggleik i skogen. Hilmo (2012, s.126) skriv også at ved at barn får mogelegheita til å bli kjend med fuglesong, eller kva tid blåbæra modnast kan dette gje dei kjensla av å høyra til akkurat der. Slike erfaringar i naturen kan knyttast opp mot teorien til Lundhaug og Neerdagrd (2013, s. 74, 81), som skriv om barnas mogelegheit for å oppleva, læra og erfara verda med kroppen, som kan bidra til å sikre allsidig og heilhetleg utvikling. Vår oppfatning er at glede og entusiasmen barna har til naturen har ei positiv påverknad på deira utvikling, som kan vera gode verktøy for barna å ta med seg vidare i livet. Basert på vår forsking ser vi at kvardagen i friluftsbarnehagar skil seg ut, dei får nytta naturen i større grad, og kjem tettare på naturen og det naturen har og by på.

5. Avslutning

Formålet med dette forskingsprosjektet har vært å gjera greie for problemstillinga: «*Korleis uttrykkjer barn sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage?*». Ved å nytte kvalitativ metode som intervju og deltakande observasjon, har vi fått belyst problemstillinga vår ved å nytte kompetanse, kunnskap og erfaring saman med teori og datamateriale frå ulike informantar. Vi skal no avslutningsvis kome med våre tankar og refleksjonar knytt til prosessen.

Til tross for at vi har gjennomført forskinga vår i to friluftsbarnehagar blir omfanget i oppgåva noko avgrensa. Resultatet kan av den grunn ikkje generalisert til korleis alle barn uttrykkjer sine naturopplevingar, men kan gje eit lite innblikk i kva nokre barn seier, og forhåpentlegvis kaste lys over viktigheita av å sørge for at barn får gode naturopplevingar. Vi har gjennom kvalitativ forsking i form av deltakande observasjon og barneintervju fått eit innblikk i korleis barn ser på naturopplevingar, og korleis vi kan arbeida med å gje slike naturopplevingar til barn i barnehagen. Vi har lest oss opp på relevant teori og drøfta empirien vår opp mot den.

Då vi starta med denne forskingsprosessen, var målet vårt å lytte til barns eigne tankar og refleksjonar knytt til naturopplevinga i barnehagen. Under vår presentasjon av funn har vi belyst tre hovudfunn som er basert på barnas eigen kompetanse, kunnskap og erfaringar knytt til temaet. I våre funn har vi sett ein gjennomgåande haldninga hos barna knytt til å ikkje sjå utfordringar, men løysningar. Barna hadde ingen avgrensing knytt til leikematerialet, og valde å nytte fjell som sklie, pinne som klatrereiskap osv. Naturen vart sett på som ein stad for gode leikemogelegeheter og dei uttrykte at dei sat pris på å nytta tid ute. Ein anna gjennomgåande haldning som kom til syne var at barna var naturkjennskapsrike og hadde fokus på det å vera miljømedviten. Barna hadde klare tankar om korleis og kvifor ein må ta vare på naturen, dei viste til ei relativt god artslære og var opptatt av dei små detaljane naturen bydde på. Dei hadde genuin interesse for naturen og identifiserte seg med naturens liv. Fokuset var også på at barna hadde ro i naturen, dei tok seg tid til å studera og ta inn sanseintrykka.

Konklusjonen vår etter å ha arbeidet med denne problemstillinga er at barna trivest godt ute i naturen. Barn i friluftsbarnehagar får eit nært forhold til naturen ved å opphalde seg store deler av sin kvardag utandørs i varierte miljø. Vi har også sett at barna sit med mykje kunnskap og empati retta mot naturen, som vi har konkludert med kjem av mengda naturopplevelingar barna har fått. Når vi valte friluftsbarnehagar som informantar hadde vi ein tanke om at barna trivds utandørs, noko vi har fått bekrefta. Vi har også sett at barna både hadde god motorikk, og hadde klare tankar på korleis og kvifor dei skulle ta vare på naturen.

Ved å gjennomføra denne studien har vi tileigna oss meir kunnskap og fått ein djupare forståing for kor viktig det er med direkte sanselege opplevelingar i naturen. Barna har gjennom sine uttrykk både kroppsleg og språkleg vist at dei trivest godt ute på tur og ute i naturen, dei har uttrykt ei glede retta mot naturopplevelingane dei får gjennom sin barnehagekvardag i friluftsbarnehagane. Vi har sett at gjennom å bruke store delar av kvardagen utandørs får barna mykje kunnskap, glede og tryggleik som vi tenkjar er viktig for barns utvikling. Gjennom forskingsprosessen har vi også sett at vaksenrolla har ei stor betydning på korleis barn tileigner både kunnskap og glede av naturen. Vi har belyst viktigheita av kunnskap og haldningar dei tilsette i barnehagen har for kunne å gje barna meiningsfulle dagar i naturen. Gjennom dette forskingsprosjektet sit vi igjen med at vi ynskjer å bruke mogelegheitene som er der for oss som barnehagelærar til å gje barna slike naturopplevelingar, istadenfor å sjå avgrensingar. Dette er erfaringar vi ynskjer å ta med oss ut i arbeidslivet. Dersom vi skulle undersøkt meir, ville det vært interessant å sett om det er noko skilnad på barna i friluftsbarnehagar kontra barnehagar som har mindre fokus på friluftsliv – vi er nyfikne på om det er skilnad på barnas kunnskap og haldningar til naturen ut i frå kva type barnehage dei går i.

6. Litteraturliste

- Bae, B. (1985). *Hvor er opplevelsen?: rapport fra et forprosjekt om voksen-barn-relasjonen i barnehagen* (skriftserie nr. 4/85). Barnevernsakademiet.
- Bae, B. (2018). *Politikk, lek og læring*. Fagbokforlaget.
- Bagøien, T. E. (2003a). Barn og natur i samspill: Barns naturopplevelser. I T. E. Bagøien (Red.), *Barn i friluft – om verdifullt friluftsliv* (s. 79-108). Universitetsforlaget.
- Bagøien, T. E. (2003b). Barn og norsk friluftslivkultur: Sosialisering til friluftsliv. I T. E. Bagøien (Red.), *Barn i friluft – om verdifullt friluftsliv* (s. 125-137). Universitetsforlaget.
- Barnehageloven. (2005). Lov om barnehage (LOV-2022-06-10-40). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Bergan, V. B. & Bjørndal, K. E. W. (2019). Barnehagen – første steg mot en bærekraftig utvikling: innledning. I K. E. W. Bjørndal (Red.), *Bærekraft i praksis i barnehagen* (s. 21-35). Universitetsforlaget.
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2014). Bacheloroppgaven: Adgang til feltet. I H. Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (1. utg., s. 51-87). Cappelen Damm Akademisk.
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2022). Bacheloroppgaven: metode. I H. Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2. utg., s. 15-51). Cappelen Damm Akademisk.
- Busch, T. (2021). *Akademisk skriving for bachelor- og masterstudenter*. (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Dalland, O. (2010). *Pedagogiske utfordringer – for helse og sosial arbeidere* (2. utg.). Gyldendal.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving*. (7. utg.). Gyldendal.
- Eide, B. J. & Winger, N. (2003). *Fra barns synsvinkel: intervju med barn – metodiske og etiske refleksjoner*. Cappelen Akademisk Forlag.

- Hagen, T.L. (2005). Trauste fjellfolk eller urban knikersadel?: Hva kjennetegner de ansatte i natur- og friluftsbarnehager? I O.B. Lysklett (red.), *Ute hele dagen* (s. 23-30). Dronning Mauds Minne Høgskole.
- Halvorsen, K. (1995). Sikringskost for framtida. I: G, Grimeland (red.), *Under bladet ligger det en liten larve.... Om opplevelse, utvikling og læring gjennom utelek*. Artikkelsamling for planleggere av barns utedrift. Barne- og familieldepartementet.
- Heggen, M. P. & Langholm, G. (2019). Tilknytning til natur, en forutsetning for bærekraft?: Natur, eller natur? I O. Kasin (Red.), *Bærekraftig utvikling: pedagogiske tilnærminger i barnehagen* (s. 169-188). Fagbokforlaget.
- Hilmo, I. (2012). Å ta vare på naturen, I N. Rossholt (red.), *Barnehagelererutdanningsens kompleksitet: Bevegelser i faglige perspektiver* (s. 113-137). Universitetsforlaget.
- Holter, K. & Langholm, G. (2014). Utforskende naturfag i barnehagen. I M. A. Letnes (red.), *Barnehagedidaktikk: En dynamisk og flerfaglig tilnærming* (s. 87-101). Fagbokforlaget.
- Kasin, O. & Langholm, G. (2019). Pedagogikk for en bærekraftig utvikling: helhetlig og verdiforankret pedagogikk. I O. Kasin (Red.), *Bærekraftig utvikling: Pedagogiske tilnærminger i barnehagen* (s. 155-168). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Utdanningsdirektoratet.
- Langholm, G., Hilmo, I., Holter, K., Lea S., & Synnes, K. (2017). *Forskerfrøboka*. (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Lundhaug, T. & Neergaard, H. R. (2013). *Friluftsliv og utedrift i barnehagen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Lysklett, O.B. (2013). *Ute hele uka: Natur og friluftsbarnehagen*. Universitetsforlaget.
- Løkken, G. & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen*. (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Madsen, B. L. (1988). *Børn dyr & natur*. Forlaget Børn & Unge.

- Martensson, F., Boldmann, C., Soderstrom, m., Blennow, M., England, J. E. & Grahn, P. (2009). *Outdoor environmental assessment of attention promoting settings for preschool children*, 1149-1157. <https://doi.org/10.1016/j.healthplace.2009.07.002>
- Moser, T. & Martinsen, M. T. (2010). *The Outlook environment in Norwegian kindergartens as pedagogical spave for toddlers' play, learning and development*, 1-15. <https://doi.org/10.1080/1350293X.2010.525931>
- Nielsen, M. M. (2014). *Barnehagen: observasjon og pedagogisk analyse*. Gyldendal.
- Næss, A. (2005). Self-Realization: An Ecological Approach to Being in the World. I A. Drengson (red.), *The Selected Works of Arne Næss*. Springer, Dordrecht. https://doi.org/10.1007/978-1-4020-4519-6_128
- Pramling, I. (1989). Att se varden genom barns ögon. I A. L. Munther (red.), *Barninterjun som forskningsmetod* (Rapport om barn nr. 1/1989). Uppsala Universitet, Centrum för barnkunskap.
- Skarstein, T. H. & Skarstein, F. (2019). Artskunnskap for bærekraftig utvikling: rammeplan, naturopplevelser og betydningsfulle voksne. I K. E. W. Bjørndal (Red.), *Bærekraft i praksis i barnehagen* (s. 137-150). Universitetsforlaget.
- Tjora, A. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Gyldendal.
- Vedum, T.V., Dullerud, O. & Ødegaard, T. (2005). Natur- og gårdsbarnehagen. Fagbokforlaget.
- Verdenkommisjonen for miljø og utvikling (1987). *Vår felles framtid*. Tiden norsk forlag. https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007080601018
- Zapffe, P. W. (2012). *Barske glæder og andre temaer fra et liv under åpen himmel*. Cappelen Damm.

7. Vedlegg

Vedlegg 1 – Intervjuguide

Intervjuguide til barnesamtale

Problemstilling: «Korleis uttrykkjer barn sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage?»

Spørsmåla er kunn som ein rettleiing i samtalet og for å gi eit innblikk i kva vi ynskjer å prate om. Vi ynskjer at barna som deltar i samtalet skal få ei oppleving av å bli verdsett og kjenne på meistring og har en intensjon om at det skal føregå som en naturlig dialog, i motsetning til eit tradisjonelt punktvise intervju. Vi ynskjer å fremme naturopplevingar, å vil basere vårt intervju på ei positivt grunnlag. Det kan førekoma andre spørsmål undervegs, det kjem an på svara barna gjev oss. Det kan også kome spontane hendingar som vi spør vidare om.

Forslag til spørsmål:

1. Liker dykk å vera ute? – enkel inngang med ja/nei spørsmål
2. Kor ofte er dykk ute? – barna gjev informasjon om type barnehage
3. Kvar er de når dykk er ute? – kan vise variert område de bruker
4. Kva liker dykk å gjera ute? – kan kome mange forskjellige svar, der er det mulighet for oppfølgingsspørsmål som står på forslag til andre spørsmål 1 og 2
5. Kva årstid liker dykk best? Og kvifor?
6. Kvifor er det kjekt å vera ute? – barnas begrunning
7. Utfordringer
 - a. Kva tenkjer dykk om å vera ute heile dagen?
 - b. Kva tenkjer dykk om å vera ute når det regner?
 - c. Kva tenkjer dykk om å vera ute når det er kjempekaldt?
8. Kjennskap til naturen – en indikasjon i miljøtrappa
 - a. Kjenner dykk til forskjellige småkryp/planter/fugler/ osv.?
9. Miljømedvitenhet – om barna tenkjer på miljø (plukke søppel, sporløs ferdsel osv)
 - a. Gjer dykk noko spesielt for å ta vare på naturen?
10. Avslutning – Takk til barnas deltaking

Vedlegg 2 – Samtykkeskjema

Vil du delta i undersøkinga til bachelorprosjektet

«*Naturopplevinga i barnehagen fra barns perspektiv*»

Dette er eit spørsmål til føresette til barn på (namnet på barnehagen) om å delta i undersøkinga til eit bachelorprosjekt der føremålet er å forske på kva barna beskriver om sine naturopplevingar. I dette skrivet gjev vi dykk informasjon om målet for prosjektet og om kva deltakinga vil innebere for dykk.

Føremål

Vi er to studentar ved Høgskule på Vestlandet (HVL) som skal skrive bacheloroppgåve våren 2023. Gjennom vår bacheloroppgåve skal vi forske på kva barn i ein friluftsbarnehage forteljar om sine naturopplevingar i barnehagen. Problemstillinga vår er «*Korleis uttrykkjer barn sine naturopplevingar i ein friluftsbarnehage?*»

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet og vår rettleiar Yuko Kamisaka er ansvarleg for prosjektet.

Kvífor får du spørsmål om å delta?

Som vi skriv innleiingsvis vil vi sjå på barns perspektiv når det kjem deira naturopplevingar i barnehagen. Sidan ein av oss har kjennskap til barn og personale i barnehagen tenkjer vi det kan vera relevant og spørje dykk om å delta.

Kva inneber det for deg å delta?

Vi ynskjer å basere vår forsking på barneintervju i form av Barnesamtalar samstundes som vi ynskjer å nytta deltakande observasjon. Vi ynskjer å vera med barnegruppa på tur for å samtala saman med barna i deira naturlege element, samt sjå på korleis dei har det på tur. Grunna nye personvernregler skal vi ikkje bruke verken videoopptak- eller lydopptak, men skal istadenfor notere ned våre observasjonar i ei bok. Observasjonane blir anonymisert, og vi

kjem til å makulerer datamaterialet når vi er ferdig med forskinga. Når vi er ute på tur har vi også eit ynskje om å ha mogelegheita til å trekke oss litt til sides saman med 3-4 barn for å ha eit fokusgruppeintervju. Dette fokusgruppeintervjuet vil ha fokus på kva vi har sett i den deltagande observasjonen, samstundes som vi i forkant har laga ein intervjuguide som har fokus på barnas tankar om det å vera ute. Planen vår er at den eine av oss skal vera litt i bakgrunn av samtalen og transkriptiere svara, og den andre skal ha fokus på samhandlinga og gjennomføre sjølve intervjuet. Dersom dykk som føresette ynskjer, kan dykk ta kontakt for å sjå på intervjuguiden i forkant. Det er også mogeleg å sjå transkriberinga av intervjuet i etterkant dersom det er ynskjeleg.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom de vel å la barne dykker delta, kan dykk når som helst innan gitt frist, trekke samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for de dersom dykk ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil bare nytte opplysingane om barne dykker til føremålet me har fortalt om i dette skrivet. Yuko Kamisaka er behandlingsansvarlige og vil derfor ha tilgang til alle opplysninga. Vi behandler opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Undersøkinga vil ikkje samla inn personopplysingar, og datamateriale vil anonymiserast, slik at ingen deltarar er gjenkjennbare i den endelige oppgåva.

Prosjektet vil ikkje behandla personopplysningar

Prosjektet vil ikkje innhenta og behandla personopplysingar, og vi kjem ikkje til å ta i bruk video eller opptak. Prosjektet vil etter planen avsluttast 25.05.23. Eventuelt trekk av samtykke for deltaking, må gjerast innan denne datoén.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med:

Malin Hovland 239650@stud.hvl.no eller Tove Vold Kvamme 592715@stud.hvl.no

Venleg helsing

Malin Hovland, Tove Vold Kvamme & Yuko Kamisaka

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Naturopplevelingar i ein friluftsbarnehage frå barns perspektiv» og eg (sett kryss i ruta som stemmer):

- Samtykker til å la barnet delta i prosjektet
- Samtykker ikkje til å la barnet delta i prosjektet

Eg samtykker til:

- Å la studentene utføre barneintervju
- Å la studentene utføre deltagande observasjon

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

NB! Prosjektet skal ikke behandle personopplysninger, og derfor skal dette informasjonsskrivet ikke signeres!